



Sveio kommune
Postboks 40
5559 SVEIO

Dato: 02.02.2016
Vår ref.: 2014/13696-25
Saksbehandlar: lisadla
Dykkar ref.:

Att. Huseby, Bjørn Gerhard

Høyringsuttale - Trafikksikringsplan for Sveio kommune 2016-2027

Det vert vist til dykkar epost av 21. januar 2016 vedkommande uttale til trafikksikringsplan for Sveio kommune 2016-2027.

Sveio kommune har lagt fram eit godt grunnlag for ein trafikksikringsplan dei neste åra, - med eit særleg fokus på det fysiske trafikksikringsarbeidet. Etter Hordaland fylkeskommune sitt syn er dei fysiske tiltaka godt handsama, og delinga i tre ulike tiltaksklassar gjev ein god oversikt.

Hordaland fylkeskommune vil med det i sin uttale difor ha fokus på overordna føringar, saman med det organisatoriske og haldningsskapande trafikksikringsarbeidet.

Fylkeskommunen som vegeigar

For det fyrste vil vi peike på følgjene av forvaltningsreforma frå 01.01.2010, der Hordaland fylkeskommune fekk eit mykje større vegansvar enn tidlegare. Gjennom sams vegadministrasjon er Statens vegvesen (SVV) underlagt fylkeskommunen i saker som gjeld fylkesvegnettet, og med det har også SVV det utøvande ansvaret for investeringar, drift og vedlikehald på fylkesvegane. Fordelinga av midlar til fylkesvegnettet skjer gjennom *Regional transportplan* (RTP) med tilhøyrande handlingsplan, og det årlege *Plan- og byggeprogrammet for Hordaland utanom Bergen*. Det er fylkestinget som her gjer vedtak.

I arbeidet med å prioritere tiltak er det eit vesentleg element at det i dei kommunale trafikksikringsplanane framgår ei klår prioriteringsliste av aktuelle fysiske tiltak på vegnettet slik at fylkeskommunen og SVV kan leggje denne til grunn for sine prioriteringar av trafikksikringstiltak på fylkesvegnettet. Prioriteringslista vil slik sett vere førande for det arbeidet som vert gjort, og andre tiltak som vert meldt inn vil difor komme i andre rekke. Som nemnd er lista over fysiske tiltak i framlegget til trafikksikringsplan eit godt grunnlag for våre prioriteringar på fylkesvegnettet.

I denne samanhengen ser vi det også som naturleg å nemnde det fylkeskommunale ansvaret for kollektivtransporten i Hordaland. Dette ansvaret er lagt til Skyss, som er ei eiga eining i fylkeskommunen.

Ut frå det ovannemnde så ser vi det som naturleg at Hordaland fylkeskommune vert omtalt i kap. 1.2 *Ansvarsdeling i trafikksikringsarbeidet*.

I kap. 1.3 vert det vist til gjeldane *Regional transportplan* (RTP) 2013-2024. Dette er eit viktig styringsdokument, som det er viktig å ha med i ein slik plan. Merk at RTP no er under rullering, og er planlagt vedteke i juni 2017.

Fylkeskommunen sitt særlege ansvar for trafikksikring

Etter § 40a i vegtrafikkloven har fylkeskommunen eit ansvar for å *tilrå og samordne tiltak for å fremme trafikksikkerheten i fylket*. Som eit ledd i dette kan ein nemne Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland (FTU), og den oppgåva FTU her har. Særleg relevant i denne samanhengen er dei tre tilskotsordningane som kommunane og andre lokale kan nytte seg av, og den årlege trafikksikringskonferansen som FTU arrangerer for kommunane.

Vidare legg Hordaland fylkeskommune sin *Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2014-2017* føringane for dette arbeidet, og det er i denne planen dei tre særskilte satsingsområda for trafikksikring er fundert. Nullvisjonen ligg her som ei overordna føring, jf NTP. Merk også at Hordaland fylkeskommune sine måltal (etappemål) for 2014-2017(2023) utgår frå det nasjonale etappemålet om at *antall personer som blir drept eller hardt skadd i vegtrafikken skal i 2024 ikke overstige 500*.

Om det haldningsskapande trafikksikringsarbeidet

For å lukkast med å få ned talet på drepne og hardt skadde i trafikken må trafikksikringsarbeidet vere ein kombinasjon av fysiske tiltak på vegnettet og haldningsskapande tiltak. Dette inneber at ein må ha fokus på trafikksikring i alle ledd og einingar, og på den måten få ei tverrfagleg koordinering, til dømes gjennom arbeidet til folkehelsekoordinatoren. Kommunen sitt framlegg til trafikksikringsplan omhandlar det haldningsskapande trafikksikringsarbeidet i kap. 6.1 *Førebyggjande og haldningsskapande arbeid*. Fylkeskommunen vil her foreslå at planen i større grad viser kven som er ansvarleg for dei ulike tiltaka, og om mogleg, konkretiserer når dette skal finne stad. Innanfor den kommunale organisasjonen kan dette skje gjennom årsplanane til barnehagar/skular, med styrar/rektor/oppvekstsjef som ansvarleg. Ei slik systematisering av arbeidet tilsvarar noko av det som ligg i konseptet Trafikksikker kommune.

Om fysiske tiltak langs strekningar med busstrafikk

Som nemnd så har fylkeskommunen ved Skyss ansvaret for kollektivtransporten i fylket. Frå eit kollektivsynspunkt har vi ingen innvendingar til tiltaka i planen, men vi ber om at Skyss vert kontakta når det kjem til fysisk planlegging av haldeplassar og andre kollektivtiltak, for å sikre praktisk gode løysingar for kollektivtrafikken. Gjeld tiltaka fartsreducerande tiltak på strekning med busstrafikk ber vi om at ein vel utforming av til dømes fartshumpar slik at desse ikkje er til ulempe for kollektivtrafikken. Kommunen må gjerne ta kontakt med fylkeskommunen ved spørsmål i slike saker.

John Martin Jacobsen
leiar

Lise Fauskanger Ådlandsvik
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.